

FORELDREINFO SEPTEMBER 2022

FAU/SU/SMU

1.FAU møte vart gjennomført den 06.sept. Du finn referat frå møtet [her](#).

5. oktober blir det møte i SU/SMU, her stiller Marlen V. Allen, Hild Elin Eikevik og Marion G. Slettebø som representantar for føresette.



Bli kjent-turar

Desse turane handlar om å bli kjent i nærområdet og kvarandre.

1.-2. trinn gjekk til Kodleberghagen, 3.-7.trinn gjekk rundtur til Uadalen og Hadland, medan 8.-10.trinn gjekk rundt Bærland med moglegheit for å gå opp på Spødavollstolen for dei som ville ha ei ekstra kneik på turen. Mange velde å gå alle 17 km. Sprekt!


Flott ver og blide elevar på tur, her frå turen til 3.-7.kl.:



Miljøfokus



Blomane me har planta og sådd siste året blomstrar med ulikt hell, men me gjer ikkje opp. Godt å sjå at me har gitt heim til iallfall ein sommarfugl no på hausten!



Bjerkreimsmarken

Alle frå 2.-10.trinn var på marken



fredag den 25.september.

1.trinn fekk og gratis inngang denne dagen etter skuletid.

Skulekoret song og 9.trinn fekk vera med på slakt/partering av lam. Elles fekk elevane disponera dagen sjølv. Ein kjekk Bjerkreims-tradisjon å få delta på!

Takk til markenskomiteen for gratis billetter år etter år, nest etter bursdag og jul er dette årets høgdepunkt for mange!

Barmarkstur til Kvitlen 10.trinn

Elevar og vaksne hadde ein gild tur i lag. Her ein stemningsrapport frå kvelden før leggetid:



Sommaren har blitt avløyst av haust, sjølv om me hadde fine sommandagar langt inn i september. Elevane treng no regnklede og støvlar på blaute dagar. Barnetrinnselevane kan ha dette i garderobane, dei eldre må kle seg etter veret. Hugs å merka klede med namn, haugen veks i gjengløynte klede utan namn i.. De finn gjengløynte klede, såper, bagar etc under trappa på ungdomsskulen og i personalinngangen på barneskulen. Smykker/klokker og liknande ligg hos Henriette på kontoret.

Elevråda er i gang. 4 elevar har vore på elevvertkurs og lært å ta i mot utøvarar som kjem frå den kulturelle skulesekken. Elevar frå 10.trinn har og vore med på samling med nettverksskulane våre (Hellvik og Sokndal) og blitt kjent med elevrådsrep. derfrå. Dei har og fått kome med innspel på korleis skulen kan variera i arbeidsmåtar og vurderingsmåtar for å skapa enno meir engasjement rundt læringa.

Minner om haustferie veke 41 og dei to planleggingsdagane 17.-18.11. SFO har stengt 17. og ope den 18., ta kontakt med Marlen Gilje for kjøp av SFO tilbod denne dagen om du ikkje har full feriepakke.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

